

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 64

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Död og begravelse

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og etter samtale med ein 77 år gamall mann (sjölv er eg 68 år)
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1 - 13.

Frå samtaler eg höyrde i barndomen, finn eg det klart at mange av dei skikkane som De nemner, vart brukte her, men det meste av skikkane er døydde bort for lenge sidan. Det einaste eg sikkert kan hugsa er at det skulle vera merke på at "mannen med ljåen" var i nærleiken når ei kråka sette seg på husmønet.

Det er derimot vanleg - og har vore det tidlegare - at det vert sendt bod etter presten når det nærmar seg døden - allvisst når vedkomande sjölv ynskjer det. Presten og den døyande talar då saman om det som dei måtte finna høveleg - etter som tilhövet er - og det vert halde nattverd, når vedkomande ynskjer det. Under nattverden samlast gjerne dei andre av familien i same romet og presten forrettar så på rituell måte.

Om det skulle sendast bod etter andre enn presten, er vel heilt individuelt. Det er så mange slags forhold i så måte. Barn og/eller sysken vert gjerne tilkalla om det er høve til det.

Det hender ofte at den døyande har stor interesse for gravferd m.v. og vil gjerne ha eit ord med i laget - så vidt ögeleg - om dette.

4. Som uttrykk for døden, vert bruka om einannen alle dei orda De nemner.

5. Tidlegare vart det mykje brukt å halda ein spegel for munnen på den døyande for å sjå om han pusta. Eg har visst også höyrt at det vart brukt brennande lys. Det vanlege no er vel å kjenna på pulsen.

6. Eg kjenner ingen opplysingar om skinndö folk på våre kantar. Men folk reknar med at slikt er tilfelle av og til.

7. Å leggja mynt på augneloket var tidlegare fast skikk.

8. Det sama var tilfelle med salmebok under hoka. No vert det helst bruka andre måtar til å halda hoka oppe. Helst vert hoka oppbunde med eit plagg.

9. Ikkje nokon serleg utanom nærmaste slekta - eller serleg vener. I mange tilfelle var det høveleg å springa til nærmaste granne å seia frå - av ein eller annan grunn.

20. Serleg beamann til dette kjenner eg ikkje til.

21. Noko slag åtfærd overfor husdyra har eg inga kjennskap til.

22. Det har "alle dagar" vore og er framleis den skikkiken å hengja eit kvitt laken e.l. opp for vindauga der den döde låg.



## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

- Tidlegare hengde dei også tepper for spegelen og gjerne også for større fotografier o.l. , men dette var helst ordna til gravferdsdagen. Ein eldre skikk var det også å stansa klokka. No ser ein ikkje noko til desse ting.
23. Liket vart flytta or senga så snart som mogeleg - etter som tilhövet var.
  24. Liket var så lagt på eit bord eller henkelok.
  25. Eg kjenner ingen tilfelle der liket vart lagt på halm.
  26. Uttrykket "å liggja på likstrå" vert brukt. Opphavet til uttrykket kjenner eg ikkje. Tidlegare vart det bruka halm til underlag i kista, om det kan vera dette som uttrykket refererer seg til.
  27. Sengjhalmen vart brenn, men eg trur ikkje at det nett var om å gjera å få det gjort absolut etterat at vedkomande var död.
  28. At klær e.l. vart brent kjenner eg ingen döme på, utan så at den avdö hadde serleg smittsam sjukdom.
  29. ?
  30. Helst så snart som tilhövet i kvart einskilt tilfelle tillet det.
  31. Tidlegare vart det i dei einskilte bygdelag ei eldre kona som så vidt mogeleg alle vende seg til å slike höve. No for tida er det ikkje noko absolut i så måte. Vanlegvis er det ei sjukesyster e.l. som tek seg av det.
  32. ?
  33. - 36. Håret var greitt, menn vart barbert, liket vart vaska. Om negler vart klipt kjenner eg ikkje til.
  37. Eg kjenner inga serleg skikk i dette höve - med likvatnet.
  38. Me har sagt og seier ai liket skal "sveipast".
  39. Me seier berre rett og slett "likkler".
  40. Sveipelaken var på storleik som eit sengjelaken. Det vart lagt under liket og kantene vart så lekferdsdagen breidd inn over liket straks för loket vart lagt på kista.
  41. ?
  42. Tidlegare vart liket kledd i underkler - også med sokkar. At overkler vart brukt kjenner eg ikkje til.
  43. Eg tykkjest hugsa at brudgomsskjorta vart brukt, dersom det kunne höva så, Det vanlege var å bruka ei kvit overskjorta.
  44. Tidlegare var det visstnok skikken at liktyet skulle vera av lin. No er det slutt.
  45. ?
  46. Som nemnt, strömper. Sko kjenner eg ingen döme på.
  47. Så vidt eg kan finna ut, var det tidlegare skikk at kvinner skulle ha eitt eller annan på hovudet.
  48. ?
  49. ?
  50. Dei som hadde höve til å gjera det heile noko over det vanlege, bruka tidlegare blonder ein eller annan staden.
  51. Å kjöpa likkler kom i bruk for omlag 70 år sidan.
  52. Under siste krigen vart det gått over til likkler av papir. Og det ser ut til at denne skikken held seg framleis.
  - 54 - 57. ?
  58. Det var ofte tilfelle at folk hadde likkista si ståande ferdig i lang tid. Ein litt snikkerkyndig mann kaga gjerne si eiga likkiste.
  59. ?
  60. Kista var tidlegare bygt på 3 tverrgåande okar under botnen. Okane gjekk på kvar side så langt ut som



- den ytre kanten av sjölve kista. Gjennom endane på desse okane gjekk ei trestong langsetter kista på bae sidene. Denne trestonga vart brukt til å bera kista etter. No brukast ymse slags handtak skrudd til kista.
61. Så å seia i kvar bygd var ein "likistemakar". Her i bygda var det serleg Joakim Velde. Etter kvart gjekk det over til at kista vart kjøpt "i byen".
62. Kista var tidlegare alltid svart. Korleis malinga var laga veit eg ikkje, men det var ei slags vatsmaling som hadde lett for å "smitta", så folk måtte alltid vera varsam og ikkje koma for mykje borti ei likkista.
63. For om lag 30 år sidan kan ein seia at det vart teke til med andre fargar på kista (kanskje hels lenger enn 30 år sidan), helst kvit, men også eikafarga.
64. Noko om hol i loken kjenner eg ikkje til.
65. I "gamle dagar" vart heldt bruka halm. Seinare har det vorte til hövvelspon.
66. Så vidt eg veit, vart det helst bruka høy.
67. No vert det berre sendt bod til ein likkisteforretning i byen, og han sender alt som til skal - kista og kler. Som nemnt, er kista no helst kvit.
68. Eg kjenner ikkje til nokon skikk i manns minne om at den døde skulle ha noko med seg i kista.
69. Do. D.o.
70. Kransar av ymse slag har alltid vore bruka til pynt på kista. I mi barndomstid vart det bruka melleberskransar, som folk laga sjölv av melleberslyng ((lauv). Etter kvart har det vorte til "kjöpekransar" som ein får frå kransbindarar i byane.
71. Eg kjenner ingen skikk om å bruka linfrö.
72. Eg tykkjest ha ein svakt minne om at det vart bruka luktande planter i dette hövet - visstnok pors.
73. Vått ikkje noko om dette.
74. Eg kjenner ingen fast regel om dette.
75. Do. do.
76. Kista stod etter som det var plass til. Det var helst hustrongt, og kista måtte då stå i löa.
77. Det var lagt kvitt laken over liket og kvitt laken e.l. vart hengt opp for vindauga i likromet. Frå mi fyrste tid hugsar eg at spegel og malerier o.l. vart tildekka med ty.
78. Vart liket sett i löa eller ande uthus, vart helst lite med pynting.
- 80.- 81. Eg kjenner ingen fast regel.
82. Det har vore og er framleis regel at liket skal liggja med fötene mot döra.
83. Det gamle var at det var lagt ein duk eller laken over liket. Loket vart lagt på kista fyrst etter at likfylgjet var kome slik at dei som ynskte det kunne "sjå liket". No vert loket lagt på i god tid, og kransar vert spikra eller skrudd på i god tid for folket kjem.
84. Vanlegvis eit kvitt handkle e.l.
85. Eg kjenner ikkje serlegt namn på duken.
86. Som nemnt var det tidlegare fast skikk at kjenningar m.fl. måtte "sjå liket". Etter kvart vert det så at berre dei "næraste" kjem i det hövet.
87. Her er ikkje gravkapell. Tidlegare var det det vanlege at liket vart bore frå heimen og beinast til grava. Etter kvart har det vorte meir og meir skikk å ta liket inn i kyrkja, dette serleg når den døde hadde eit eller minder med det offentlege å gjera.



## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

89. Ja, det måtte ikkje sjauast e.l. i den tida.
90. Dei nærmaste må halda seg mest mogeleg heime, og halda seg borte frå "lette" åtferder.
91. Regel om fast sørgjetid kjenner eg ikkje. Men det måtte gå fram av all åtferd, at det låg lik i garden. Dei meir "prominente" fekk seg svart band "sørgjeband" på armen, men eg trur ikkje det har vore nokon fast regel om kor lenge bandet skulle stå på klerne.
92. Sjå pkt. 90.
93. Det var tidlegare fast regel at alle måtte vera kledde i svart og i dei beste klerne dei hadde. Seinare har det vore så som så med denne skikken. Ein ser no ofte folk i gravferder med grå og halvmörke kler.
94. Det var i så fall sjeldan på våre kanter.
95. Nei.
96. Nei.
97. Nei.
98. Fastvekedag for likferd, er her ikkje på annan måte enn at likferd på sundagen ikkje vert bruka dersom det ikkje av ein eller annan serleg grunn er påkravt. T.d. i "gamle dagar" når alle mannfolka var på fiske, var det av og til gravferd på sundagen, for då kom folket vanlegvis heim.
100. Tidlegare vart det songe også når liket vart teke ut or stova. Nå er det helst slik at det vert sunge eit par vers med same likfylgjet set seg i gang ut frå huset. Når det er lite rom i huset og dessutan godt ver, hender det ofte av liket vert sett utanfor huset under "liktalen" m.v.
101. Eg kjenner ikkje til at ðoket vart teke av kista.
102. Eg kjenner berre til at det, som nemnt, vart bruka kransar på kista.
103. Eg hugsar eitt einast tilfelle der det vart bore 2 lys framanfor kista når kista vart teken ut or huset. Lysa brann frå fyrst av, men slokna straks dei kom ut. Men mannen som bar lysa (ein nærre slektning til den döde) bar lysa utan omsyn til at dei var slükte. Framleis vert det gjerne brukt lys inne ved kista. Det er i så fall 2 starinlys som står på kvar sin sokkel (blomsterkrakk) ved hovudenden av kista.
104. Eg veit ikkje anna enn at det var likt for gifte og ugifte.
105. Sjå pkt 103.
106. Do.
107. Do.
108. Har aldri höyrt eller set det.
109. I tidlegare tider gjorde dei det. No ikkje.
110. Her er ingen tradisjon om vakenetter.
112. Gråtekoner kjenner eg ikkje til.
113. Ja, i mi ungdomstid gjorde dei det. Det var helst eldre trente syngjarar, som vart bruka i alle gravferder, og dei kunne desse merkeleg tonane - visstnok ein slags gamall folketone.
114. Tidlegare var det ingen fast regel med presten "på huset", men det har etter kvart vorte til det.
115. For 40.-50 år sidan.
116. Som nemnt, var det helst eldre liksyngjarar. Det er det elles framleis - men dei brukar no vanlege tonar - Det brukast alltid to mannspersonar som syngjarar. I den seinare tid har det vorte meir til det at den eine av syngjararne er ein "fagmann". Med dena andre er det minder nöye i så måte. Læraren vert ofte brukt.
- 116 - 117. I mi tid har det ikkje vore skikk med drikking i gravferder.



119. Nærre slektningar eller gode vener bar - og ber - liket vanlegvis ut.
120. Dei aller nærmaste er helst fri, men ikkje alltid.
121. Som för.
122. Fotenden fyrst.
123. Eg kjenner ikkje til nokn skikk om dette.
124. Det hender av og til at det ved bygging av hus ikkje vert teke omsyn til at lik skal kunnha berast ut. I fleire slike tilfelle, kjenner eg til at det för gravferda er skore hol i bislaget t.d., men altså ikkje for å unngå den rette döra.
125. Det har frå gamalt vore skikk å strya granbar eller anna grönt på vegen der likferda skal gå. Det kan vera på tunet i likferdsgarden og det kan vera der likferda går framom grannehus o.l.
126. Fast skikk å setja kista ned på tunet kjenner eg ikkje.
127. Som ved 126. - Til 128: Så vidt mogeleg til grava.
129. Det har alltid vore skikk at så mange som mogeleg fylgde med til kyrkjegarden. Sjølvom det var lang veg og dårlegt ver, var det vanlegvis mange som fylgde, også i den tida som alle måtte gå til fots.
130. Så lenge eg kan hugsa.
131. Ja, det vert set på som stor æra at mange fylgjer til kyrkjegarden.
132. Sjø framanföre.
133. Som nemnt ovanföre, var det det. Det vart (og vert) bruka granbar - opkutta i småstycke - eller som nemnt, anna grönt t.d. björkelauv når det var grönt. Den gröne vart ströydd på vegen. Oppsett æresport av grönt har eg ikkje set.
134. Ja, det er vanleg at grendefolket heiser flagget og heiser det på halv stong gravferdsdagen. Dette har vore i bruk så lenge folka har havt flagg. No er det nokså vanleg at bygdefolk har flaggstaong og flagg, Tidlegare var det langt frå slik.
135. Alle som bur i grenda og som har samkjensle med liket e.l. Det same gjeld dei som bur langs likferdsvegen.
136. Somme brukar i det siste å heisa flagget til topp når liket er kome i grava, men vanleg skikk er det ikkje.
137. For dei som gjer det, er det helst på eller etter eit skjön, slik at flagget er på topp når folka vender tilbake frå kyrkja.
138. Som nemnt, er den gamle skikken at det helst vert flagga på halv stong heile dagen.
139. Eg tykkjest minnst frå barndomen, at det vart stansa somme stader og songe ei salme. Men det var ikkje så mange stader, Det måtte vera eitt eller anna særskilt som gjorde at det vart stansa. No er dette slutt.
140. Eg kjenner ikkje annan slags "seremoni" i det hövet, enn det som er nemnt om grönt på vegen. I somme tilfelle kunne det tidlegare verta salutert med nokre skot.
141. Ikkje aktuelt på våre kantar.
142. Nei, her er ingen tradisjon om dette.
143. Namnet listein kjenner eg ikkje. Derimot har ein "kvilestein" somme stader, der folk hadde lang og uför veg med liket.
144. Kjenner ingen tradisjon om det, men det er rimeleg å rekna med at kvilesteinen har vore brukt til å setja kista på.
145. Tidlegare brukte ein den kjöredoning som fanst på garden, vanlegvis ein såkalla langsle. Möysane vart tekne av sleden og kista vart sett på kjerrebotnen utan anna underlag.







176. Så vidt eg kjenner til vart det ingen skilnad gjort i stellet heime.
177. Tidlegare måtte kista til sjölvdropne folk langast inn på kyrkjegarden over gjerdet. Seinare er dette avlagt, slik at alle no vert borne inn porten.
178. Nei.
179. I mi tid er alle gravlagde etter same reglar inne på kyrkjegarden. Om serlege åtgjerder for sjölmordarar kjenner eg ikkje til anna enn frå litteraturen.
180. Eg kan ikkje finna at det har vore nokon serleg regel for det.
181. Ingen fast regel.
182. Ein kjenner frå gamalt ordet gravöl, men i mi tid har det som nemnt ikkje vore vanleg med drikking av rusdrykk i gravferder.
183. Helst ei litt til års komen kvinne. Det vart gjerne så at den same kvinna vart bruka i mange tilfelle. Elles har det på annan måte ikkje vore fast beamann.
184. Be-laget har her vore det same både ved gravferder og ved brudlaup.
185. Nei.
186. Han (ho) sa alltid at ho skulle helsa frå N.N. og be om dei ikkje vilde vera så gilde å koma til gravferda (begravelsen). Elles måtte ho opptre svert höflegt og smalåten.
187. Eg kjenner berre til det som er nemnt ovanføre. I mange tilfelle skulle det leggjast til at det skulle vera "på ingen bekostning". Dette var med sikte på at det ikkje skulle "sendast" noko til gravferda.
188. Dei fekk gjerne ein kopp kaffi m.v.
189. Sjeldan ved gravferd. Det måtte vera til slekt eller vener som budd langt undan - för telefonen vart naleg å ha.
190. Så lenge eg kan minnast har det berre vore bruka ein dag.
191. Frå fyrst eg kan minnast, måtte folket få "kaffi" når dei kom til sörgjehuset. Når dei kom igjen frå kyrkja var det den store bordseta for alle, med kaffi eller sjokolade. Folket radla då saman ut over dagen og fekk mat eit par gonger til. No er det heilt annleis.
192. Nei.
193. Nei.
194. Ja. Tidlegare var det ei kjær plikt for "dei nærmaste" utanom huset å hjelpa til med matstellet. No er også dette annleis. No vert det leigt gjenter til dette stellet.
195. Eg kan minnast noko om dette frå mi aller fyrste tid.
196. Når det ved bedinga ikkje vart sagt - "uten bekostning" vart det tidlegare helst sendt eit kvart dagen i förevegen.
- 197 - 200. Har inkje å fortelja om dette.
201. Sjå nr. 191. Etter kvart vart skikken med mat före gravferda slutt - anna enn i serlege einskilde tilfelle. No samlast folket i heimen eller i kyrkja i kl. 18tida. Etter tale (helst av presten) og song og kransepålegging ber det til kyrkjegarden. Ved heimkomsten vert det servert mat - no helst i bedehuset. Lenge vart det servert middagsmat, men etter kvart har også dette vorte enklare, slik at det no vert berre sjokolade eller kaffi. Det vert så gjerne ei "røykeökt", og deretter ei såkalla minnemöte og så til slutt kaffi på ny.
- 202 - 203. Som nemnt för, kjenner eg lite til dette med gravöl.
204. No er det det vanlege å få sendt krans frå eit



# NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kransbinderi i nærmaste by. Men det også sendast ein plante eller ei kake.

- 205. Truleg for om lag 50 år sidan.
- 206. Som nemnt ovanføre, lagde dei kransar sjölv i mi ungdomstid. Melleberslauv, var godt til dette. Blomar vart gjerne putta inn i kransen når det var slike å finna. No er det som nemnt "kjöpekransar".
- 207. Når det skal vera retteleg "fint" må det no vera sløyfa på kransen. Skikken tok til for om lag 20 - 30 år sidan. På sløyfa er prenta kven kransen er frå og dessutan eit par helsingord som "takkt og farvel" og anna. Under siste krigen vart det bruka sløyfer av fint papir. No er det silkety.
- 208. Kransepålegging er no ofte brukt - helst litt for mykje etter mi meining. Gjerne t.d. frå mange av slektsledd både oppover og nedover ettersom som det høver. Dei som har vore med i offentlege gjeremål av eitt eller anna slag, får gjerne krav pålagt frå vedkomande lag e.l.
- 209. Vanlegvis vert dei "pålagde" kransane tekne med til grava og vert lagt på gravhaugen. Men det kan vera sylvkransar o.l som må takast betre vare på, på ein eller annan måten.
- 210. Som nemnt ovanføre, er matstellet gått ned til to bordseter og held på å gå enno lenger slik at det vert mat å få berre in gong. Rusdrykk må offisielt ikkje brukast. Det er også i liten mon at det vert brukt i det heile.
- 211. Her på landet ikkje. I nærmaste byer kan det vera slik.
- 212. For om lag 30 - 40 år sidan.

Avaldsnes den 11/9 1957.

  
Peder Skeie